



Dei 25 konfirmantane saman med sokneprest Sven Harald Nilsen og kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen har hatt ei historisk hending denne helga. Det har vore rekord-konfirmasjon med 25 konfirmantar og rundt rekna 500 som kom til kyrkja for å oppleva konfirmasjonen. Då tek vi også med eit 30-tal som ikkje kom inn fordi alle sitje- og ståplassar som ein kunne oppdriva var opptekne!

For å ta konfirmantane har det ikkje lukkast uskedalen.no å finna større kull-tal enn 24 under gjennomgangen av protokollane frå då kyrkja vart bygt i 1914 og til no. Men det har vore fleire enn 20 fleire gongar.



Det var ni konfirmanter i den første gudstenesta og her kjem dei inn i prosesjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Variasjonane er imidlertid store – til dømes var talet rekordlåg med 4 i fjor og neste år blir det truleg berre 9. Men kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark, som har hatt konfirmantundervisninga i vårt lokale bedehus dette året, opplyser at det blir opp til foreldra å bestemma om undervisninga skal finne stad her også for 2009-kullet.

I det strålende veret vart det ein stor og minnerik dag sett frå alle synsvinklar. Naturen var kledd i sitt vakraste vårskrud – og det same var konfirmantar, foreldre og gjestar. Då ein såg oppslutnaden om konfirmasjonen, var det



Oddbjørg Heimark leiar prosesjon nummer to. (Foto: Ola Matti Mathisen)

ingen tvil om at det var det einaste rette å gjennomføre to konfirmasjonsgudstenester.

Oddbjørg og sokneprest Sven Harald Nilsen kunne ønske 196 velkomne til den første og då fekk alle sitteplass. Men i konfirmasjon nummer to var situasjonen ein heilt annan, for då var det rundt 30 som ikkje fekk plass etter at minst 260 var innanfor kyrkjedørane. Aldri før har det vore så mange på ein konfirmasjon i Uskedalen.

- Lukkelegast er den konfirmant som får minst pengar, sa soknepresten og han grunngav den kanskje litt overraskande formuleringa slik:
- Dei som får minst pengar får størst mogelegheit til å telja andre ting som betyr meir. Eg tenkjer her sjølvsgatt på smil og gode tankar og ønskjer for framtida, ytringar som viser at dei næraste set pris på dykk. Men framfor alt tenkjer eg på noko anna enn materielle ting, eg tenkjer på velsigningar og alt som Jesus har å by på.

Oddbjørg Heimark hadde høyrte i radio at så mange som 60 prosent av konfirmantane ikkje let seg konfirmera for pengane sin del, men fordi konfirmasjonsdagen er ein tradisjon og ein fin dag i familiekretsen.

- Gode tradisjonar er viktige, men enda viktigere er det å ta vare på ein som bryr seg sjølv om alle andre sviktar, sa konfirmantlæraren.

Ein ekstra spiss på gudsteneste nummer to sette trompetist og tidlegare skulemusikk-dirigent Liv Signe Bleie Ulvestadbakken.

Offeret denne dagen gjekk til bedehuset.

Soknerådsleiar Audun Eik hadde ei raud rose til kvar av konfirmantane med ønskjer om ei god framtid etter at dåpen no er stadfesta av konfirmasjonen.

Av Ola Matti Mathisen



Det var lang kø og eit 30-tal kom ikkje inn på konfirmasjonsgudsteneste nummer 2 (Foto: Ola Matti Mathisen)